



Haugen Vva AS
Thor-Henrik Fredriksen
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1463 - 21/13324

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
26.02.2021

Mellombels bruksløyve trinn 1 veg, vatn og avløp for område BF1 og BF2 reguleringsplan Nilshøyen - gbnr 172/66 Hopland

Administrativt vedtak: Saknr: 279/21
Tiltakshavar: Seim Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for trinn 1 felles teknisk infrastruktur knytt til område BF1 og BF2; f_LEK1, f_KV2, f_RA1 og f_P1, samt trasear for vatn- og avløp på eigedom gbnr 172/66. Mellombels bruksløyve vert gjevpe på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Trinn 1 felles teknisk infrastruktur knytt til område BF1 og BF2; f_LEK1, f_KV2, f_RA1 og f_P1, samt trasear for vatn- og avløp
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 28.02.2022

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 17.08.2018 og igangsettingsløyve datert 19.10.2018 i historisk sak 18/1688 i tidlegare Lindås kommune.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Felles teknisk infrastruktur knytt til område BF3, BF4, BF5 og BF6.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: Trinn 1 felles teknisk infrastruktur knytt til område BF1 og BF2; f_LEK1, f_KV2, f_RA1 og f_P1, samt trasear for vatn- og avløp

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 28.02.2022

Det vert elles vist til søknad mottaken 12.02.2021.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket knytt til veg, vatn og avløp for trinn 1 som gjeld felles teknisk infrastruktur inn til og tilhøyrande BF1 og BF2 innan reguleringsplan Nilshøyen.

Skildring

Adresse:	Reguleringsplan Nilshøyen/planid.: 1263-201101
Bygningstiltak:	Trinn 1; f_LEK1, f_KV2 og vatn- og avløpstrasé tilhøyrande område BF1 og BF2
Vatn og avløp:	Offentleg

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1463

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Haugen Vva AS
Seim Bygg AS

Kanalveien 5 5068
Nesbrekka 28 5912

BERGEN
SEIM

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Kanalveien 5 5068

BERGEN